



Møtebok Fjordvegen Rute 13

Styremøte 18.10.2021, kl 12.00-14.00 Stad: Videomøte

Deltakrarar: Gerd Helen Bø, Bjørn Laugaland, Roald Aga Haug, Morten Midlang, Sigbjørn Hauge, Toralv Mikkelsen, Kristoffer Amdal, Ingvald Torblå

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

Inviterte: Jenny Følling, Nasjonal rassikringsgruppe, Jon-Terje Ekeland, Nye Veier

Ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Jenny Følling orienterte om:

- Styret i Nasjonal Rassikringsgruppe (NR) si haldning til samarbeid med Fjordvegen Rute 13 om felles årskonferanse. Grappa har lagt ramer for aktivitetane i 2022, og vil gjerne ha innlegg på årskonferansen men kan ikkje vera samarbeidspartnar
- Grappa har starta arbeidet med vidare påverknadsarbeid mot Stortinget for auka ramer til rassikring. Regjeringsplattforma er eit godt utgangspunkt, men må følgjast opp. NTP-vedtaket må få innhald og midlar. Fylkesvegane er i fokus, fylkeskommunane må med i prosess.
- Erfaringar frå deltakinga på Arendalsveka 2021 er gode, og samarbeide med Opplysningsrådet for vegtrafikken (OFV) er etablert.

Jon-Terje Ekeland, Nye veier orienterte om

- Fellesturen med Fjordvegen Rute 13 gav godt utbytte for dei. Særpreget for rv 13 som utviklingstrekkning og blandingsveg i funksjonsnivå (riksveg, regional- og lokalveg) kom godt fram.
- Skredpunkta er prioritert saman med låg standard Kinsarvik – Bu. Dei ønskjer oversendt liste over strekk med status for reguleringsplanar.
- Prosess for overlevering av ansvar for Rv13 Skare - Sogndal frå SVV til NV frå november.
- Interne prosessar for utarbeiding av ny minstestandard "Rv13-standard"

Statens vegvesen: Forfall frå to inviterte representantar

Sak 24/21 Meldingar

Vedtak:

Melding vart teken til vitande

Sak 25/21 Oppsummering etter synfaring med Nye Veier 15. og 16. september

I høve Nye veier:

Det er ønskjeleg at kommunane langs riksveg 13 på berørt strekk snakkar med ei stemme og stå samla, Fjordvegen må ta ei rolle.

Kommunane må trekkast med i felles drøfting om dette.

Fjordvegen Rute 13 kan koordinera og spela inn felles prioritering.

Fjordvegen Rute 13 sin administrasjon må ha jamnleg kontakt med NV

Styret drøfta vidare påverknadsarbeid:

Årskonferansen 2022: Hanne jobbar vidare med tilbod på passande hotell i Stavanger, tema og aktørar.

Møte med Stortingsbenkane viss smittevernet tillet dette, kontakt med nye benkeleiarar skal opprettast. Partivise møte som nettmøte var positivt, kan gjentakast.

Nyheitsbrev skal ut i november, nye Stortingsrepresentantar blir lagt inn som mottakarar.

Kontakt med NAF sitt regionapparat skal opprettast.

Sak 26/21 Oppfølging av NTP

Møte med Vestland fylkeskommune 2. november 2021.

Innlegg frå Fjordvegen Rute 13 v/Jostein. Morten og Ingvald møter også

Sak 27/21 Fast Post:

Gjennomgang av status for Rv13

Rogaland:

Bjørn: Hydrogenelektrisk ferjedrift i Rv 13-sambandet over Jøsenfjorden, Hjelmeland opnar snart.

Gerd Helen: Førlandsbrua i Suldal ei langvarig problem, ulukke med personskade nyleg.

Vestland:

Morten: Ny asfalt på strekket Myrkdalen – Kvasdalen + snuplass brøytebil. Tunnelarbeide.

Sak 28/21 Innmeldte saker/Ymse

Ingen saker innmeldt til styremøtet.

Kinsarvik, 18.10.2021

Jostein Eitrheim
referent